

ALVER KOMMUNE
Postboks 4
5906 FREKHAUG

**Avdeling for
Kultur og folkehelse (KFO)**

Dato	24.03.2023
Vår referanse	2023/44363-2
Dykkar referanse	23/2410
Sakshandsamar	Sigrun Wølstad
E-post	Sigrun.Wolstad@vlfk.no
Telefon	96944535

**Kulturminnefagleg fråsegn - landbruksveg - gnr. 38 bnr. 7 - Bryhaugen -
Alver kommune**

Vi viser til brev datert 20.03.2023 med ovanfor nemnde sak til fråsegn. Saka gjeld bygging av landbruksveg på Hodno i Alver kommune. Søknaden gjeld veg vist som nummer 1 på innsende kart. Seksjon for kulturarv i Vestland fylkeskommune har vurdert saka som regionalt kulturminnemynde.

Vi ser at vegen i all hovudsak er bygd, dette er beklageleg då vår moglegheit for å vurdere området i forhold til kulturminnelova er vesentleg redusert. Vi har i dag ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne som kjem i konflikt med den omsøkte landbruksvegen. Vi har difor ingen avgjerande merknader i saka, utover at ein under opparbeiding av gjenståande trase sokjer å unngå inngrep i/skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter m.m.

Elles gjer vi merksam på meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. Dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, flekker med trekol eller konstruksjonar blir avdekt under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Vestland fylkeskommune, og alt arbeid stansast til rette forvaltningstyresmakt har vurdert funnet. Slik granskning vil verta utført mindre enn tre dagar etter at vi har fått melding om mogelege funn.

Med helsing

Karoline Hareide Breivik
leiar
KFO - Arealplan (Førde)

Sigrun Wølstad
seniorrådgjevar
KFO - Arealplan (Førde)

Brevet er elektronisk godkjent og har difor ingen handskriven underskrift